

Landslaget for lokal- og privatarkiv (LLP)

Referat, styremøte 4. og 5. februar 2013

Stad: Hotel Raddison Inn, Alexanderplatz, Berlin

Tilstade: Karin Gjelsten, Torleif Lind, Ann Tove Manshaus, Cecilie Lintoft, Mads Langnes, Tor Ingve Johannessen, Ole Stian Hovland, Inger Lene Nytingnes (sekr/ref).

Sak 1/2013. Referat frå styremøte 2. november 2012

Styret godkjenner referatet.

Sak 2/2013. Endring av LLP sine vedtekter

LLP sitt styre vil legge fram forslag til endring av LLP sine vedtekter slik at desse kan gje rom for at ein skildpersonar kan melde seg inn som medlem av LLP.

Sak 3/2013. Orientering om Det 6. norske arkivmøte

Cecilie Lintoft er LLP sin representant i arrangementskomiteen for Det 6. norske arkivmøte. Ho orienterte om at arbeidet i komiteen fungerer godt og er prega av semje. Det vart diskutert litt kring strategiar med omsyn til marknadsføring i samband med arrangementet, både frå LLP og frå arkivmøtet. Styret kom fram til at LLP bør oppmøde arkivmøtet om å gå igjennom sin markedsstrategi med tanke på framtidige arkivmøter.

Sak 4/2013. Handlingsplan

Styret utforma saman forslag til handlingsplan som skal leggast fram for landsmøtet 2013.

Sak 5/2013. Universal Declaration on Archives (UDA)

Arkivorganisasjonane tok i starten av 2012 initiativ til å få omsett UDA til norsk, noko som vart gjort hausten 2012. For organisasjonane var det viktig at eit samla arkivmiljø stod bak erklæringa. Riksarkivaren stiller seg bak erklæringa etter at det har vore ein diskusjon og vorte utført nokre endringar på omsettingane. Det er no semje mellom organisasjonane om desse.

Sak 6/2013. Stortingsmeldinga om arkiv

Arkivorganisasjonane har møtt kvarandre for å forsøke å kome fram til korleis ein kan gjere nokre felles framstøt til Stortinget sin familie- og kulturkomite og i andre fora, t.d. i pressa. Sjølv om organisasjonane hadde fleire felles kjernesaker klarte ikkje organisasjonane å kome fram til full semje om desse.

Familie- og kulturkomiteen på Stortinget sin saksordførar for arkivmeldinga, Olemic Thommesen, har oppmoda arkivmiljøet om å kome med fleire innspel. Styret ynskjer å fremje eit nytt innspel.

Styreleiar skal lage eit utkast og rådføre seg med styremedlemene pr. e-post.

Sak 7/2013. Privatarkivseminar i juni

Ann Tove Manshaus orienterte om arbeidet med privatarkivseminaret som skal arrangerast i Sandefjord 3. – 4. juni 2013. Seminaret er eit samarbeid mellom LLP, Norsk Kulturråd og Riksarkivaren og tema for konferansen er kystkultur, arkivpolitikk og koordineringsrolla. Program og påmelding vil vere klart i april.

Sak 8/2013. Fristar for innkalling til landsmøte, utsending av sakspapir, m.m.

Sekretariatet orienterte om fristar for varsel, innkalling og utsending av sakspapir til landsmøtet.

Styret vil ha eit nytt styremøte 20. eller 21. mars der landsmøtesaker vil vere tema.

Sak 9/2013. Eventuelt

- Styret vil vurdere å gje eit økonomisk bidrag til Arkivarer utan grenser når årsrekneskap er klart. Styret meiner LLP bør melde seg inn i organisasjonen. Sekretariatet skal kontakte AuG for innmelding snarast.
- Prosjektet fylkeskommunal administrasjonshistorie er innvilga kr 250 000 i støtte frå Norsk Kulturråd.
- LLP sine utval skal takast opp til vurdering. Ein avventar til dei ansvarlege i utvala har sendt inn sine aktivitetar for 2012 til LLP si årsmelding.